



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Samfunnshuset Skogen SA
Hellandsvegen 445
5939 SLETTA

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/4710-

05.07.2016

Samfunnshuset Skogen - om vedtekter -

Kulturdepartementet viser til vedtekter for Samfunnshuset Skogen SA, send hit av Hordaland fylkeskommune.

Vedtekter for organisasjonar som ønskjer å søkje om tilskot til idrettsanlegg, må tilfredsstillе krav til vedtekter slik dei går fram av vedlegga til V-0732 *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet*. For samvirkeforetak gjeld **vedlegg 7**. Føresegnene kan lastast ned frå www.idrettsanlegg.no.

Departementet kan ikkje sjå at punkta i vedtektene samsvarer med krav som blir stilt i **vedlegg 7**. Departementet ber samvirkeforetaket vurdere eigne vedtekter opp mot det aktuelle vedlegget, og eventuelt revidere vedtektene for ny innsending og behandling i departementet.

Spesielt gjeld punkt 3, 5, 7, 9 og 10 i vedlegg 7. Foretaket sitt formål må i hovudsak vere idrettsleg og relatert til anlegget, inntil halvparten av styret sine medlemmer skal veljast av kommune, idrettslag eller andre søkeberettigede aktørar, vedtektene skal ha føringar om bruk av overskot og formue ved oppløysing (som skal vere til det idrettslege formålet), det skal vere føringar på eigarskapet der meir enn halvparten av aksjane skal eigast av kommune, idrettslag eller andre søkeberettigede aktørar. Til sist skal alle vedtektsendingar sendast Kulturdepartementet.

Med helsing

Per Kristian Aasmundstad (e.f.)
avdelingsdirektør

Daniel Storholthe Kristiansen
rådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er difor utan handskriven signatur.

Kopi: Hordaland fylkeskommune